

INNSPEL TIL HØYRING OM FRAMTIDIG SKULESTRUKTUR

Vi har bl.a. merka oss at samanslåing av Bøfjorden barnehage og Bæverfjord barnehage er eit av innsparingsforslag i høyringa. Som tilsette i Bøfjorden barnehage vil vi kommentere på nokre av punkta/argumenta i høyringsnotatet.

Utdrag frå høringsnotatet:

Slå saman barnehagar/reduksjon av areal

Vurdere å flytte Bøfjorden barnehage til Bæverfjord dersom skulen i Bæverfjord blir flytta til Subus. Ein vil kunne spare i underkant av ca. kr. 400 000,- i året på å kutte kostnader til drift ved Bøfjorden barnehage (sjå tabellen på side 20). Lokalane må verte selt ut frå kommunen for at ein skal kunne spare aktuelle beløp. Denne innsparinga ligg til teknisk og ikkje til oppvekst.

s 8 i høyringsnotatet.

Dersom alle skulane ved oppvekstsentra blir flytta til Subus kan ein vurdere å flytte Bøfjorden barnehage inn til Bæverfjord barnehage. Bøfjorden barnehage har 13 barn pr i dag og er sårbar med tanke på eventuelt fråvær hos dei vaksne med utgangspunkt i geografisk plassering. Det er vanskeleg å få vikar inn til Bøfjorden innimellom.

Ei flytting til Bæverfjord vil skape eit større fagmiljø og på den måten gjere barnehagen mindre sårbar. I tillegg vil ein kunne sleppe driftskostnadane på bygget i Bøfjorden samt ein betre utnytting av bygget og ressursar saman med barnehagen i Bæverfjord. Dette vil medføre ei ekstra køyretid på 14 minutt både på morgonen og på ettermiddagen for barna ved barnehagen i Bøfjorden. Bøfjorden barnehage har foreldre som både bur og jobbar i Bøfjorden. Og det er foreldre som bur i Bøfjorden men jobbar enten i retning av Heim kommune eller Surnadal kommune.

Dersom ein da får selt eller revet bygga i Bøfjorden vil ein kunne spare i underkant av ca. kr. 400 000,- med utgangspunkt i tabellen på side 20.

s 24

Kommentar frå tilsette i Bøfjorden barnehage:

Vikartilgang? Stiller eit stort spørsmålsteikn til at situasjonen er verre i Bøfjorden barnehage enn andre stader. Etter det vi forstår er det mangel på vikarar også i dei andre barnehagane og i kommunen generelt. Vikarbehovet vil ikkje minke ved ei samlokalisering med Bæverfjord barnehage, da antal barn, personal og mogleg fråvær vil vere det same, og vi i stor grad nyttar same vikarar. Bøfjorden barnehage har aldri måtta stengt pga for lite bemanning.

Fagmiljø? Som barnehage i Surnadal Kommune (og Nettverk Nordmøre), deltek vi i felles kompetanseutvikling og utviklingsarbeid på det sjuande året. Vi deltek på felles samlingar og nettverk, og vi har eit fagleg samarbeid med barnehagen i Bæverfjord (har bl.a. førskuletreff for førskulebarna og felles inkluderingsteam). PPT og andre instansar er tilgjengeleg samarbeidspartar ved behov. I tillegg har barnehagen dei siste åra drive si eiga kompetanseutvikling når det gjeld tur og friluftsliv. Her meiner vi at vi har fått til noko unikt som vi ser er positivt og viktig for barna i dagens digitale samfunn. Fagmiljøet er avhengig av at det blir skapt rom for personleg utvikling, innsats og iver. Da ser vi det som ein fordel at miljøet ikkje er for stort, at alle får ansvar, det er oversiktleg, trygt å dele av sin eigen kompetanse og å spørje om fagleg støtte når det trengst. Fagmiljøet vil altså ikkje endre seg ved at vi blir samlokalisert.

Ei innsparing på 400 000 ved ei samanslåing av Bøfjorden og Bæverfjord barnehage?

Som høyringa seier, så forutsett dette at bygget i Bøfjorden anten blir selt eller reve. Både Bøfjorden barnehage og Bæverfjord barnehage er «fulle», og har dei siste åra hatt meir ungar enn barnehagebygga i utgangspunktet er laga for. Når vi ser på dei barna vi allereie har og dei vi veit vil søke seg inn, vil barnetalet halde seg slik i fleire år framover. Så ei samanslåing vil krevje ei omfattande ombygging av skulebygget i Bæverfjorden for å romme alle barna. *Det manglar ei oversikt over dei utgiftene som ei endring av skulebygget til barnehageformål vil koste.*

Vi er også bekymra for at ei reisetid på 30 minutt x 2 ekstra til barnehagen (= 1 time ekstra kvar dag) for heimeværande foreldre, vil føre til at enkelte barn blir oftare heime i staden for å kome til barnehagen. Eksempelvis dersom foreldre har permisjon, er uføre, er sjuke eller heimeværande. Barn som av ulike årsaker kan vere sårbare i seg sjølv, eller bur i familiar som står i ein sårbar situasjon, og som difor har eit stort utbytte av det barnehagen kan tilby av bl.a. faste rammer og aktivitetar.

Barna frå Bøfjorden er av dei som får lengst reiseveg og reisetid dersom skulen i Bæverfjord blir nedlagt. Vi meiner å kjenne dei førskulebarna vi sender frå oss ganske godt. Erfaringa vår med barn i alderen 5 ½ - 6 år, altså dei yngste skulebarna, er at nok søvn er vesentleg for trivsel, humør og konsentrasjon. Ved besøk på ulike arrangement har vi saman med førskulebarna, sitte på buss og personbil. (Da utan stoppar undervegs som aukar tidsbruken.) Ikkje sjeldan har fleire av barna sovna undervegs på turen. Det har vore vanskeleg å vekke dei, så vi har måtta løfta dei ut av bussen/bilen– og mange har trengt lang tid for å kome til seg sjølv igjen. Barn i denne alderen har også eit stort aktivitetsbehov. Så for andre barn vil det å sitte i ro lenge, før skulen, med ei «roleg» læreøkt i klasserommet etterpå, bli ekstra utfordrande. Auka uro og mindre felles fokus i klasserommet kan bli resultatet. Og kva anna vil den lange reisevegen gjere med søvnrytmen, skulekvardag og fritid?

Vi er stolte av å vere ein del nærmiljøet og lokalsamfunnet. Vi er stolte av barnehagen vår og av å vere ein del av Bøfjorden og Bæverfjord Oppvekstsenter. Håpar det vi saman har skapt, som barnehage og som oppvekssenter, får bestå.

Helsing dei tilsette i Bøfjorden barnehage.